



## Notat

Dato: 24.08.2016  
Arkivsak: 2016/412-17  
Saksbehandlar: knudjuv

---

**Til:** Utval for Miljø og samferdsel

---

**Frå:** Fylkesrådmannen

---

### Svar på oversending - ferjetilbodet på Austevoll

I møtebok frå Misa 2. juni 2016 er det teke inn følgjande oversending frå representanten Gustav Bahus (Frp):

*Gustav Bahus hadde sendt inn lenkje til oppslaget «Nå skal fergene på rett kjøp» i Namdalsavisa:*

[http://mobil.namdalsavisa.no/nyhet/na-skal-fergene-pa-rett-kjol/s/1-75-5721344?ns\\_campaign=article&ns\\_mchannel=recommend\\_button&ns\\_source=facebook&ns\\_linkname=facebook&ns\\_fee=0](http://mobil.namdalsavisa.no/nyhet/na-skal-fergene-pa-rett-kjol/s/1-75-5721344?ns_campaign=article&ns_mchannel=recommend_button&ns_source=facebook&ns_linkname=facebook&ns_fee=0)

*Bahus kommenterte at «denne blir delt av mange Austevollingar i dag. Merk at ferja Herlaug, som dei fjerna i nord, no går i fast rute mellom Austevoll og Stord, og har gjort det sidan november.» Han bad om kommentar til situasjonen i Hordaland.*

1. Avisartikkel i Namdalsavisa som omhandlar manglande tillit til FosenNamsos sjø, der konsernet Torghatten blir kontakta i staden for det ansvarlige selskapet FosenNamsos Sjø AS.

Avisartikkelen i Namdalsavisa refererer seg til 2011, når MF Olav Duun ikkje gjekk som den skulle. Etter ombygging måtte ferja ligge til kai i påvente av ytterlegare ombygging og i sum ga heile driftssituasjonen med midlertidige ferjer osv. eit ikkje godt klima mellom FosenNamsos Sjø og oppdragsgivarane/kommunane. Etter det vi kjenner til er samarbeidet no svært godt med både Staten Vegvesen Region Midt (som forvaltar og administrerer 2 av 3 kontraktar for Nord-Trøndelag Fylkeskommune) og Nord-Trøndelag Fylkeskommune, og det er ingen direkte dialog mellom konsernet Torghatten og oppdragsgivar vedrørende FosenNamsos Sjø sine saker. Skyss opplever også sitt samarbeid med FosenNamsos Sjø som godt.

2. Ope spørsmål om MF Herlaug har ein tilfredsstillande kvalitet som sikrar stabil og god drift i Austevoll.

Ferja MF Herlaug vart sett inn i ruta Husavik - Sandvikvåg hausten 2015 grunnar eksisterande ferje MF Heilhorn måtte ut av drift. MF Herlaug er no i permanent drift på dette sambandet Husavik – Sandvikvåg. Når det gjeld kvaliteten på MF Herlaug så er kapasiteten og publikumsfasilitetane av same karakter som MF Heilhorn, og det er same mannskap som fører ferja som tidlegare. MF

Herlaug hadde hovudklasse i 2015, med varighet til 2020. Det er i tillegg til dette utført ein del teknisk vedlikehald dei seinare åra som gjer at MF Herlaug skal vere like godt skikka til oppdraget som MF Heilhorn, både i høve til tryggleik, driftsstabilitet og fasilitetar.